



Forskningsleiar Bjørn T. Barlaup passerer brua på relativt uvanleg vis. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I blant andre Uskedalselva, Omvikedalselva og Hattebergselva vart gytebestandane av sjøaure nærmast halverte i 2007 samanlikna med året før. Men denne trenden snudde i fjor og både Omvikedalselva og Uskedalselva hadde då ein liten auke i talet på gytefisk, Men Omvikedalselva ligg framleis langt under nivået som vart observert i 2005.

Det er livskraftige bestandar av sjøaure både i Uskedalselva og Omvikedalselva sjølv om nivåane er betydeleg reduserte samanlikna med tidlegare og betydeleg lågare enn det ein kan venta i ein normalsituasjon.



Forskningsleiar Bjørn T. Barlaup og forskar Ole Sandven under gytefiskteljinga i Uskedalselva seinhaustes i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dette blir slått fast i ein omfattande rapport frå LFI-Unifob Miljøforskning i Bergen som har gjennomført tellingar av gytefisk av laks og sjøaure i 26 vassdrag i Hordaland og Rogsland i perioden 2004/2008..

Den viktigaste konklusjonen i rapporten er at mange av gytebestandane av villaks er kritisk låge. I tillegg er innslaget av rømt oppdrettslaks generelt høgt. For å halda oppe dei villaksbestandane som er att, er det difor nødvendig med snarlege tiltak for å redusera dei negative effektene av lakselus og rømt oppdrettslaks, som er dei viktigaste truslane for dei ville bestandane.

Situasjonen for sjøauren er mindre kritisk enn for laksen sjølv om mange bestandar er kraftig redusert og også er låge.

I rapporten er Arne Terje Haugland i Uskedalen ein av dei som blir takka for nyttige opplysningar .

Om laksen i denne elva blir det i rapporten peika på at elva ikkje tidlegare har vore kjent for av ha nokon laksebestand av betydning, noko som mellom anna kan tilskrivas den vatnkjemiske situasjonen grunna forsuring av vassdraget,

På grunn av denne situasjonen vart elva kalka frå og med 2002. Undersøkingar har vist at ungfiskbestanden av laks tok seg kraftig opp etter kalkinga, noko som truleg resulterte i ein sterk smoltårsklasse i 2004, skriv forskarane, som har arbeidd systematisk også i Uskedalselva i dei seinare år.

Det går mellom anna fram av rapporten at berekna innsig av laks (fangst og gytetelling) var 245 i 2006, 144 i 2007 og 141 i 2008. Til samanlikning var dei tilsvarande tala i Omvikedalselva 57, 11 og 54.

Berekna innsig av sjøaure i Uskedalselva var 385 i 2006, 253 i 2007 og 289 i 2008. Her var tala i Omvikedalselva 237, 165 og 245.

Av dei vassdraga som er med i undersøkinga skillar Etneelva seg klart ut ved det høgste talet på laks og elva er også det einaste vassdraget i regionen der gytemålet er nådd i heile undersøkjingsperioden sjølv etter eit betydeleg beskatningstrykk.

Av Ola Matti Mathisen